

Årsmelding og


Rekneskap

Volda og

Ørsta

Reinhaldsverk

2002



STYRETS ÅRSMELDING 2002.

2002 er VØR sitt 15 driftsår. VØR er heileigd av Ørsta og Volda Kommune og eigarane heftar for selskapets disposisjonar med 50% på kvar.

Abonnementfordeling:

Kommune	Hushaldningsabb	Nærings abb	Slamabb
Ørsta	3972	630	945
Volda	3439	567	543
Sum	7411	1197	1488

Representantskapen

Representantskapen avvikla 2 møter og styret 6 møter i 2002

Representantskapens medlemar er i 2002:

Knut Steinsvik leiar, Brynjulf Skurtveit nestleiar, Arild Iversen, Ingrun Aud Humberset, Oddrun Aarflot, Nils Trovåg, Inger J. Aakre, Ola Selbervik

Styret

Styremedlemar er i 2002:

Kari Aamaas styreleiar, Ove Lid n.leiar, Ann Britt Våge Fannemel, Ivar Aarskog, Ove Myklebust (tilsette sin representant i styret). Ved årets utgang er det 14 tilsette ved VØR.

DRIFTA

Innsamlinga av avfall går bra utan store driftsforstørringar. I oktober sette vi i drift ein innsamlingsbil på fem av rutene våre med ei klype som tømmer dunkane. Bilen fungerer godt både i bygder og i byggefelt og er ei forbetring av både effektivitet og arbeidsmiljø. Investeringsmidlane elles i 2002 har gått til diverse utstyr og driftskapital som følgje av at vi frå dette året skulle fakturere abonnentane sjølve.

Vi brukte ekstra ressursar i haust for å rydde opp på uteområdet. Dette først og fremst for å rydde opp og fjerne gammalt rusk, men også for å gjere resten av uteområdet i Hovdebygda klart for opparbeiding i 2003.

Oppryddinga har vi fått positive tilbakemeldingar på og er med på å presentere anlegget positivt for både for brukarar og naboar.

Avfallsmengder 2002 i tonn.

Type	2001	2002
Hushaldningsavfall	4390	4763
Restavfall til deponi	1515	1810
Papir / papp	1077	1254
Metall	194	221
Plast	49	53
Glas	110	91
Spesialavfall	41	34
E.E. avfall	100	100
Kuldemøblar		40
Trevirke		56
SUM	7477	8422

Tala syner, justert for lager ved årsskiftet 2001 / 2002, at den reelle auken i avfallsmengdene i 2002 er på om lag 10%

Hushaldningsavfallet.

Mengdene til forbrenning går opp også i -02. Hovudårsaka er truleg generell vekst i folk sin kjøpekraft og dermed forbruk, som igjen aukar avfallsproduksjonen. For hushaldningsavfallet er auken på heile 8,5 %.

Papp og papir.

Innsamlinga av papp og papir frå hushaldningane går uendra i 2002. Papirmengdene frå hushaldningane ligg litt lavare pr innbyggjar enn i samanliknelige kommuner. Dette håper vi kan betrast når plastdunken vert innført for papiret.

Frå næringane aukar pappmengdene jamt og trutt. Noko på grunn av fleire kundar og noko på grunn av at papp som emballasje synes å vere meir og meir brukt.

Glas.

Glasmengdene i -02 er på nivå med 2001. Den litt lavare leverte mengda i 2002 skuldast høgare lager ved årsskiftet -03.

Grovavfall - metall.

Grovavfall og metallmengdene er høgare enn i 2001. Veksten til deponi er reelt på om lag 6 %. Den øvrige veksten skuldast oppryddinga på uteområdet vårt. Elles slit vi med kapasitetsproblem i perioder på sorteringa på grunn av store mengder avfall på kort tid og manglande høve til å mellomlagre avfallet.

Plast

Plast frå hushaldning, næringslivet og landbruket blir no samla inn regelmessig.

Hushaldningsplasten har stabilisert seg på ei nivå som ligg under samanliknelege reinhaldsverk og her må vi vurdere i 2003 kva tiltak vi skal sette i verk.

Landbruksplast har stabilisert seg på 2001 nivå. Henting hos den enkelte bonde er ei teneste på høgt nivå og er tatt positivt imot av brukarane. Vi ser likevel i samanlikning med med kva kvantum som er selt i området, at her ligg eit potensiale for å hente inn større kvantum.

Mengden frå fiskeoppdrettsanlegga har gått ned. Dette var venta då fiskefôr meir og meir vert levert i bulk og ikkje i storsekkar.

Frå industri og handel aukar mengden jamt og trutt og dette er veldig fin plast som er velegna for gjennvinning.

Spesialavfall / farleg avfall.

Innsamla spesialavfallsmenger ligg på nivå med 2001. Landsdekkande undersøkingar syner at mykje spesialavfall er på avveie. VØR har eit godt utbygt mottakssystem samanlikna med meir urbane strøk, og det er på disse stasjonane vi fortsatt får inn dei største mengdene.

Farleg avfall er eit satsingsområde i avfallsbransjen. For å auke kompetansen slik at fleire kan svare og rettleie om spesialavfall på VØR, har tre personar på VØR gått kurs i spesialavfall i 2002. Fleire vil få slike kurs i 2003.

Slam.

Vi hadde ordinær innsamlingsrunde i 2002. Denne har gått ryddig og greitt og utan store vanskar.

Elektrisk Elektronisk avfall.

E.E. innsamlinga fungerer betre og betre. Fleire og fleire leverar i dag E.E. avfall på korrekt måte.

Frå 01.07.02 var det slutt på å levere næringselektro til Fransefoss Gjennvinning. Då tok Elektrogjennvinning Møre på Vartdal over som mottakar.

Innsamlinga av komfyrar, fjernsyn, mikrobølgeomnar og lignende gjennom returselskapa Elretur og Kvitevareretur går bra. Vi leverar jamnt containerar som går til gjennvinning.

E.E. produkta inneheld ofte PCB og kvikksølv som er helseskadelege og som ikkje må dumpast i naturen, gå til deponi eller forbrenning.

Her må folk sine holdningar betrast. I for mange containerar frå dødsbu, rydding i høve flytting og lignende er det innblanda alt for mange E.E. artiklar, gjerne øydelagde. Enda til i bosdunkane finn vi hårfønarar, små vifteomnar og lignende. Her har både vi og El bransjen ein jobb å gjere.

Personal og arbeidsmiljø.

VØR har i dag 4 faste administrative stillingar inklusiv stillinga i vektbua. Ei stilling er vakant frå januar og til august. Ei anna stilling er vakant frå februar og ut året. Gunn Homberset vert difor tilsett i eit vikariat for å avhjelpe situasjonen.

På sorteringshallen har vi 2,4 tilsette fast men har delar av året køyrt med 3,5 tilsette på grunn av behovet for opprydding, slambehandling i Alida, sluttoppdydding i Alida, utkøyning / bytting av dunkar og liknande.

På innsamlingssida har vi ved utgangen av året 7 tilsette fordelt på dei fire innsamlingslaga våre. Dei tilsette har synt god arbeidsvilje, og løyst dei store utfordringane i 2002 godt. Alt i alt fungerer organisasjonen godt, noko også eit personalseminar seinhaustes i 2002 stadfestar. Internkontrollsystemet er oppdatert og det er gått vernerunder i 2002. Alle oppdaga avvik blir rapportert skriftleg.

FAKTURERING AV AVGIFTER.

Kommunestyra vedtek i samband med godkjenning av selskapsavtalen i 2001, at VØR sjølve kan bestemme om dei vil fakturere abonnentane sine.

I månadsskiftet januar - februar var vi i gang etter å ha fått nyinstallert programvare og fått oversendt abonnementregistra frå kommunene.

Det viser det seg å vere ei utfordrande oppgåve som må løysast med ein organisasjon som ikkje har vore bort i dette før. Totalt har vi sendt ut ca 25.000 fakturaer i 2002.

Det går likevel bra. Men den lave bemanninga gjer likevel at vi fortsatt ikkje er heilt à jour med innkrevinga ved årsskiftet 2002 / 2003. Dette vil vere ordna tidleg på nyåret 2003.

RAMMEVILKÅR.

Konsesjon.

Vilkåra for drift av sorteringsstasjonen til VØR er gitt i konsesjon datert 12.11.97. VØR etterlever konsesjonskrava. Manglande innegjerdinga er det einaste konsesjonsvilkåret som ikkje er etterlevd ved årsskiftet 2001-02. Dette kom i orden i april 2002.

Avfallsplan

Avfallsplanen er vår rettesnor, og vi er godt i gang med å gjennomføre dei måla som er sette i planen.

Representantskapen rullerte økonomiplanen for VØR i 2002, der dei vedtok å legge avfallsplanen til grunn også i den komande økonomiplanperioden.

Endring av renovasjonsforskriftene.

Avfallsplanen medfører at renovasjonsforskriftene må reviderast. Styret sette derfor ned ei nemd som skal gå igjennom forskriftene med tanke på å få disse oppdaterte. Dette arbeidet har tatt ei lita pause i påvente av evaluering av dunkrenovasjon og innføring av nye innsamlarbililar. Dette arbeidet er prioritert i 2003.

Slam

VØR mellomlagrar også avvatna slam i Alida. Dette er gjort i medhald av løyve frå Fylkesmannen datert 16.12.91. VØR etterlever disse løyvekrava. VØR arbeidar med å finne ei permanent ordning for slamhandsaminga.

Ny organisasjonsform

Kommunene vedtok i 2000 at organisasjonsforma til VØR skal vere IKS og i juni 2001 vert ny selskapsavtale vedteken. Selskapsavtalen la opp til at VØR skulle ha ei sjølvstendig rolle med klarare ansvarlinjer.


Så langt er erfaringane i tråd med eigarane sine målsetningar. Detaljdiskusjonane i kommunestyra om VØR sin aktivitet har flytta over i representantskap og styre, og handsaminga av låneopptak og garantiar er vesentleg forenkla.


Omlegginga til at VØR fakturerer sjølv har forenkla kommunikasjonen mellom abonnentane og VØR som vi opplever at abonnentane set pris på.


ØKONOMI.

Årsresultatet syner eit overskot i storleik kr 948.694,- Av dette går Kr 624.572,- til inndekking av underskot frå 1999. Resten kr 324.122,- vert overført til ubunden egenkapital. Overskotet kjem i all hovudsak frå innsparte personal og rentekostnader og betre rentevilkår i høve budsjettet. Styret har auka lånegjelda i 2002 med 6 mill kr. Investeringane er gått til utskifting av utstyr og driftskapital som var nødvendig etter at vi starta å fakturere sjølv. Vi har elles eit stabilt driftsår bak oss med bra samsvar mellom budsjett og kostnadsbruk. Totalt sett er styret godt nøgde med året 2002, og vil takke dei tilsette for innsatsen og omstillingsevna som er vist.

Hovdebygda 07.01.03



Kari Aamaas
Styreleiar


Ivar Aarskog


Petter Bjørdal
Dagleg leiar


Ove Lid
Nestleiar


Ann Britt Våge Fannemel


Ove Myklebust
(tilsette sin representant)

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK IKS

Resultatrekneskap

	Note	2002	2001
Driftsinntekter			
Salsinntekt		23 396 643	19 760 420
Annan driftsinntekt		28 226	0
Sum driftsinntekter		<u>23 424 869</u>	<u>19 760 420</u>
Driftskostnader			
Varekostnad		- 21 212	- 26 779
Lønskostnad	2	- 5 905 957	- 5 830 148
Avskrivning	3	- 2 278 682	- 2 294 795
Annan driftskostnad	2	- 13 369 265	- 10 427 588
Sum driftskostnader		<u>- 21 575 116</u>	<u>- 18 579 310</u>
Driftsresultat		<u>1 849 753</u>	<u>1 181 110</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Annan renteinntekt		302 593	63 270
Annan finansinntekt		10 500	0
Annan rentekostnad		- 1 214 152	- 1 233 326
Netto finanspostar		<u>- 901 059</u>	<u>- 1 170 056</u>
Ordinært resultat før skattekostnad		<u>948 694</u>	<u>11 054</u>
Som er nytta til:			
Overført annan eigenkapital		- 948 694	- 11 054
Sum disponeringar		<u>- 948 694</u>	<u>- 11 054</u>

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK IKS

Balanse

	Note	2002	2001
EIGEDELER			
Anleggsmiddel			
<i>Varige driftsmiddel</i>			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	3	13 111 929	13 786 454
Driftslausøyre, inventar, verkty, kontormaskinar o.l.	3	5 373 487	5 138 621
Sum varige driftsmiddel		<u>18 485 416</u>	<u>18 925 075</u>
<i>Finansielle anleggsmiddel</i>			
Investeringar i aksjar og andeler		152 315	152 315
Sum anleggsmiddel		<u>18 637 731</u>	<u>19 077 390</u>
Omlaufsmiddel			
Varer	1	82 084	275 169
<i>Fordringar</i>			
Kundefordringar		2 265 520	206 701
Andre fordringar		355 683	485 798
Sum fordringar		<u>2 621 203</u>	<u>692 499</u>
Bankinnskot, kontantar og liknande	4	2 508 362	721 539
Sum omlaufsmiddel		<u>5 211 649</u>	<u>1 689 207</u>
SUM EIGEDELER		<u>23 849 380</u>	<u>20 766 597</u>

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK IKS

Balanse

	Note	2002	2001
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
<i>Opptent eigenkapital</i>			
Annan eigenkapital		2 530 414	1 581 720
Sum eigenkapital		<u>2 530 414</u>	<u>1 581 720</u>
Gjeld			
<i>Anna langsiktig gjeld</i>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	5	18 666 557	14 955 722
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Leverandørgjeld		1 211 657	2 859 650
Skyldige offentlege avgifter		523 959	525 217
Anna kortsiktig gjeld		916 793	844 288
Sum kortsiktig gjeld		<u>2 652 409</u>	<u>4 229 155</u>
Sum gjeld		<u>21 318 966</u>	<u>19 184 877</u>
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		<u>23 849 380</u>	<u>20 766 597</u>


Hovdebygda, 27. januar 2003


Ann Britt Våge Fannemel


Ove Lid


Ove Myklebust


Petter Bjørda
dagleg leiar


Kari Aamaas
styreleiar


Ivar Aarskog

NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2002

Note 1 Rekneskapsprinsipp.

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak.

Følgjande rekneskapsprinsipp er anvende: det lavaste av kostpris og virkelig verdi for varer kjøpt inn for vidaresal, forsikra pensjonspliktar er ikkje balanseført – kostnaden er lik utbetalinga i året til forsikringselskapet, leiegvtalar er ikkje balanseført, varige driftsmiddel vert som hovedregel avskreve lineært over venta økonomisk levetid.

Note 2 Tilsette, godtgjersler, lån til tilsette m.v.

Lønskostnader består av følgjande postar:	2002	2001
Løner:	4 251 967	4 298 683
Folketrygdavgift:	765 173	780 481
Pensjonskostnader:	772 786	642 855
Andre lønskostnader:	116 031	108 129
Sum lønskostnader:	5 905 957	5 830 148

Det har vore 14 tilsette i selskapet i gjennomsnitt i 2002..

Godtgjersler	Dagleg leiar	Styre / Rep.skap
Løn:	406 506	93 265
Pensjonspremie:	14 381	
Annan godtgjersle:	13 246	

Årets netto pensjonskostnad kjem fram på følgjande vis:

Pensjonspremie i året:	772 786
Pensjonskostnad i alt:	772 786

Revisor:

Kostnadsført revisjonshonorar i 2002 utgjer kr. 6 840.

Note 3 Varige driftsmiddel.

Kostpris 01.01.2002:	27 434 402
Tilgang:	1 956 282
Avgang:	117 258
Kostpris 31.12.2002:	29 273 426
Akkumulerte avskrivningar kostpris 31.12.2002:	10 788 010
Balanseført verdi 31.12.2002:	18 485 416
Ordinære avskrivningar i året:	2 064 271
Ekstraordinær avskrivning transportmiddel:	214 411

Note 4 Bundne midlar.

Posten inneheld bundne bankinnskott med kr. 531 921.

Note 5 Langsiktig gjeld / pantsetjingar og garantier.

Gjeld som forfell meir enn fem år etter slutten av rekneskapsåret:


Gjeld til kredittinstitusjonar:	9 615 232
---------------------------------	-----------

Pantsetjingar og liknande:	Gjeld sikra med garantiar frå eigarane:
Gjeld til kredittinstitusjonar:	18 666 557

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Til representantsskapet for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS

6160 HOVDEBYGDA



REVISJONSMELDING FOR 2002

Vi har revidert årsrekneskapen for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS for rekneskapsåret 2002 som viser eit årsoverskot på kr. 948.694,-. Årsrekneskapen, som er samansett av årsmelding, resultatrekneskap, balanse med tilhøyrande notar samt årsmelding er utarbeidd av verksemda sin rekneskapsførar. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik lov og forskrifter krev.


Vi har utført revisjonen i samsvar med lov og tilhøyrande forskrifter og god revisjonsskikk. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjonen omfattar kontroll av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og dessuten vurdering av innhald og presentasjon av årsrekneskapen.

Vi meiner at vår revisjon gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at:

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrift og gir eit uttrykk for selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2002 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk

Larsnes, 31. mars 2003


Jostein Støylen
revisjonssjef